

Tabell B-fk

Overgangsordninga

I 2023 vil fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2020 vere fasa inn og få fullt utslag i rammetilskotet til fylkeskommunane. Det same gjeld for dei samla fordelingsverknadene i 2022 av endringane i den nye båt- og ferjenøkkelen, innlemming av midlar til vegadministrasjon og den nye modellen for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg. I 2023 er det difor ikkje lenger ei gjeldande overgangsordning som følgje av endringane i inntektssystemet i 2020 og endringane knytta til de tre sakene nemnt ovanfor. Det vises difor heller ikkje tabellar for overgangsordninga i 2023.

Overgangsordninga blei innretta slik at fylkeskommunar som fekk ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2020, fekk att $\frac{3}{4}$ av reduksjonen første året i overgangsordninga. Tilsvarande fekk fylkeskommunar som fekk auka rammetilskot etter endringane berre $\frac{1}{4}$ av auken det første året. Sidan 2020 er fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet fasa inn med $\frac{1}{4}$ kvart år.

Overgangsordninga frå 2022 blei fasa inn over to år. Fylkeskommunar som fekk ein samla reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i båt- og ferjenøkkel, innlemming av midlar til vegadministrasjon og den nye modellen for å berekne vedlikehaldsbehov fylkesveg, fekk att $\frac{1}{2}$ av reduksjonen det første året i overgangsordninga.